

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: \*  
Tal uprenta vedlegg: \*

**Felles fylkesutvalsmøte i Bergen 26. og 27. mai 2009  
Grunnlag for drøfting av mål, rammer og gjennomføring av møtet**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Saka vert teken til drøfting.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Vestlandsrådet har ei tid arbeidd med ei fornying arbeidet i rådet.

I møtet i februar 2008 februar vart det fremja sak om ei drøfting av kva funksjon og rolle Vestlandsrådet skal ha frametter. Saka skulle vere eit grunnlag for å finne forma på rådet, og utvikle arbeidet vidare.

I september vart det vedteke å utarbeide eit strategidokument for Vestlandsrådet. Dette skulle vere eit overordna styringsdokument for Vestlandsrådet som erstatning for handlingsplanen.

Saka drøfta innhaldet i dette strategidokumentet, og skulle innehalde følgjande punkt:

- Grunnlaget for Vestlandssamarbeid
- Kva er føremålet med samarbeidet
- Kva skal det samarbeidast om
- Organisering av rådet

Vidare drøfter saka m.a. alternativ organisering av eit Vestlandssamarbeid.

I desember vart det lagt fram strateginotat til handsaming, men saka vart utsett.

I same møte gjorde rådet gjorde slikt vedtak i sak "Organisering av Vestlandsrådet":

- "Fylkesutvala i medlemsfylka samlast i Bergen 26. og 27. mai til strategisamling i Vestlandsrådet
- Det vert utarbeidd ein samarbeidstraktat som har som mål å vera forpliktande for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet
- Det vert arbeidd vidare med innhaldet i samarbeidet i møtet 25-26. februar."

Det har vore eit ønskje om å revitalisere samarbeidet. Vi tolkar det slik at arbeidet med ny strategi for Vestlandsrådet og saka om organisering er uttrykk for dei sama ønskja. Fylkesrådmannen viser, med tilvising til saka i september, at det i arbeidet med ein fornya strategi har vore eit ønskje om sterkare politisk relevans i saksporteføljen og arbeidsmåtane.

Såleis skal ein m.a. ta mål av seg til å påverke nasjonal politikk til fordel for Vestlandet i høve nasjonale og internasjonale spørsmål som er viktige for Vestlandet. Vestlandsrådet ønskjer vidare også å spele ei meir direkte rolle i høve regionale spørsmål på dei arenaene der Vestlandet er representert internasjonalt.

### **Mål med samlinga**

Eit felles fylkesutvalsmøte må vere ein lekk i det pågåande strategi-/organiseringsarbeidet og må representere framdrift og gje viktige innspel i høve dette.

Ramma for traktaten:

Skal traktaten vere eit grunnlag for det vidare arbeidet til Vestlandsrådet, eller skal det ha eit vidare perspektiv? Skal ein ha som ambisjon om å få med andre partnararog vere ein traktat for Vestlandet eller skal fokus vere det politiske samarbeidet innan ramma av Vestlandsrådet?

Det kan vere rett å ta utgangspunkt i det politiske samarbeidet innan ramma av Vestlandsrådet.

Innhaldet i traktaten skal:

- Vere utfordrande og høgtideleg.
- Peike på dei viktigaste fellesutfordringane for Vestlandet som vi saman skal arbeid for å løyse – Kva vil vi?
- Seie korleis Vestlandsrådet/fylkeskommunane skal arbeide for å løyse fellesutfordringane

Innhaldet i det felles utvalsmøtet kan førebuast på ulike måtar:

- Ikkje gjere noko forarbeid ut over det som er gjort i framlegg til strategiplan (som truleg ikkje er det same som det som blir forventet av ein traktat) – dvs. lite administrativ førebuing før den politiske prosessen.
- Leggje fram eit "utfordringsnotat", som både trekkjer fram dokumentasjon av sterke sider/utfordringar for Vestlandet, trekkjer fram områder der det er muleg og ønskjeleg med felles mål og formulere element i utkast til traktat.
- Kome med eit fullstendig administrativt framlegg til traktat
- Nedsette ei politisk arbeidsgruppe som førebur det vidare arbeidet og der administrasjonen berre har ein sekretariatsfunksjon etter at arbeidet er i gang

Vestlandsrådet bør ta stilling til kva strategi ein skal velje.

Fylkesrådmannen meiner at det bør utarbeidast eit utfordringsnotat til møtet i Bergen, slik at det kan vere eit grunnlag for dei vidare drøftingane. Dette arbeidet kan gjerast administrativt styrt av ei politisk arbeidsgruppe. Medlemmer til ei slik gruppe bør peikast ut no.

### **Nærare om innhaldet i møtet**

Eit mål kan vere å kome fram til ein traktattekst i møtet.

Alternativet kan vere at møtet er starten på ein prosess, som går vidare i Vestlandsrådet. Dvs. at traktaten ikkje blir vedteke av fellesmøtet, men at fellesmøtet legg opp til ein prosess vidare.

Men uansett må møtet konkludere med ein eller anna form for felleserklæring.

Møtet kan starte med ulike "inspirasjonsprega" innlegg, der aktuelle innleiarar/ressurspersonar kan gje innspel. Første dag kan brukast til dette.

Andre dag bør i all hovudsak bli brukt til førebuingar i plenum. Det kan vere føremålstenleg at ein under samlinga set ned ein politisk samansett redaksjonskomité som skal førebu ei felleserklæring. Rådet bør vurdere om ein skal velje denne redaksjonskomiteen alt i dette møtet.

*1. dag: Inspirasjonsdag. Fagleg program*

Mogelege innlegg/innleiarar:

- Ressursperson frå Akademia: "Kva kjenneteiknar Vestlandet – sterke sider/utfordringar.
- Politisk leiing i KRD: "Forventningar til fylkeskommunane, og til landsdelsutval"
- "Kyststamvegen som regionbyggingsprosjekt"
- Ein universitets- eller høgskulerektor: "U/H- sektoren si rolle for å styrkje Vestlandet som næringsregion"

- Vestlandspolitkar(ar). ein noverande stortingspolitkar. Ev ein stortingspolitkar frå kva av fylka.: "Synspunkt på viktige utfordringar for Vestlandet"

Middag på Bellevue om kvelden

*2. dag: Prosessdag.*

Vi kan starte opp med nokre innlegg på morgonen, sjå ovanfor. Men det må vere tid til å kome i mål.

Dagen bør brukast til interne drøftingar i Vestlandsrådet.

Innleingar ved fylkesordførarane. Plenumsdebatt må gje konklusjonane og evt. gje grunnlag for "grunnsteinsnedlegging".

Det bør leggst opp til ein pressekonferanse ved avslutninga.

### **Tidsramme**

Møtet er tenkt starta første dag kl. 16.30

Møtet vert avslutta neste dag kl.14.30. Det vert då lagt opp til pressekonferanse..

Overnatting på hotell Norge.

Det kan bli trong for eit møte i Vestlandsrådet i samband med denne samlinga. Det må vurderast om eit evt. møte skal vere i framkant eller etterkant av møtet